

**Rep.sak 09-21      Referatsaker**


Tilråding til vedtak

Representantskapen tar referatsakene til orientering

*Saksutgreiing:*

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- Brev frå Ørsta Kommune 28.01.2021. Registrering som særskilt brannobjekt
- Felles brannøving med ØBR 03.03.2021
- Samarbeidsavtale om innkjøp
- Melding om vedtak i Volda Kommunestyre 24.03.2021: Godtgjersle til Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap. ( lagt fram på møtet)



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



**ØRSTA KOMMUNE**  
**Brann og redning**

Volda og Ørsta Reinhaldsverk Iks  
Petter Bjørdal  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Vår referanse  
20/6257 21/484

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Hege Leite

Dato  
28.01.2021

Sakstype	Saksnr.	Utval
DS	01/21	Delegerte vedtak tekniske tenester

**Registrering av Volda og Ørsta Reinhaldsverk - gnr. 53 bnr. 212 og 213 - som særskilt brannobjekt**

**Vedtak:**

<b>Objektnamn:</b>	Volda og Ørsta Reinhaldsverk
<b>Adresse:</b>	Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda
<b>Gnr./bnr.:</b>	Gnr. 53 bnr. 212 og 213

Ørsta brann og redning vil med dette varsle at Volda og Ørsta Reinhaldsverk er registrert som særskilt brannobjekt kategori B jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd.

Dette vedtaket er gjort av brannsjefen i Ørsta etter delegert mynde frå kommunestyret.

Vedtaket kan påklagast til formannskapet innan tre veker frå dette brevet er motteke, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 41 andre ledd og forvaltningslova § 28 andre ledd.

Eventuell klage må sendast til Ørsta brann og redning v/brannsjefen.  
Det vert samstundes opplyst om at det er mogleg å be om at iverksetjing vert utsett til ein eventuell klage er ferdighandsama, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Thomas Winther Leira  
brannsjef

Hege Leite  
branningeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

**Samandrag:**

Brann- og eksplosjonsvernlova § 13 sett krav om at kommunen skal velje ut og registrere byggverk, opplag, områder, tunnelar og verksemdar mm der brann kan medføre tap av mange liv eller store skader på helse, miljø eller materielle verdiar. Kommunen skal og syte for at det førast tilsyn med desse.

**Saksopplysningar:**

Volda Ørsta Reinhaldsverk sitt område i Hovdebygda består av fleire bygg; administrasjonsbygg, sorteringshall, lagerhall og miljøstasjon/publikumshall. I tillegg vert delar av uteområdet og nytta til lagring. Bygga har brannslangar som kan nyttast i alle rom, i tillegg har dei fleste også brannsløkkeapparat. Det er brannalarmanlegg kopla mot 110-sentralen i alle bygga. Ingen av bygga har sprinkleranlegg.

**Vurderingar**

Avfallsanlegg representerer ein viktig samfunnsfunksjon. Det har i den seinare tid vore mykje fokus på brannar i denne type verksemd, og det er såleis viktig at branntryggleiken er ivaretatt i alle ledd. Sjølv om branntryggleiksarbeidet fungerer i dag kan ulike faktorar som t.d. omorganisering eller utskifting av tilsette gjere at dette endrar seg. Det er såleis viktig at objektet vert registrert som særskilt brannobjekt. Tilsyn vil kunne vere eit viktig verkemiddel for å fange opp slike endringar.

**Konklusjon**

Volda og Ørsta Reinhaldsverk er registrert som særskilt brannobjekt kategori B.

Kopi til

Retura Søre Sunnmøre AS    Torvmyrane 29

6160

HOVDEBYGDA

## **Brannøving 03.03.2021**

Tid: 17.30 – 19.30

Tilstade: ØBR ved Odd Jarle Engeseth og Thomas Winther Leira pluss innsatsstyrken med Olav Saure som innsatsleiar og 10 mann.

Frå VØR: Leiing: Anne Mette Farstad, Ina Osdal Saure, Petter Bjørdal,

Vekt: Ove Myklebust, Edle Holmin, Håvard Lauvås

Hjullastar: Roger Langøy, Jon A. Viddal, Odd og Hallvard Svensli,

Hall: Inge Birger Bjørdal, Audhild Vedeld, Håkon Myklebust, Abdullah Alkhalaf

Øvinga var med full utrykning via 110 sentralen, der det kom to brannbilar og to innsatsbilar. Miljøstasjonen vart røyklagt og i øvinga var røykdykking med redning av to personar øvingsformålet.

### **Evaluering:**

ØBR var nøgde med øvinga og VØR fekk positiv tilbakemelding som gjekk på at vi har oppdatert dokumentasjon og vi rettleia klart og godt når ØBR kom inn på området.

VØR var og nøgde med øvinga og fann nokre forbetningspunkt.

#### *Vekta:*

Kopi av anleggsdokumentasjon må ligge i vekta, som vert delt ut til innsatsleiar idet innsatsbil frå ØBR kjem inn på området av person. Vekttilsett skal på det tidspunktet stå i krysset mot Opsal og dirigere trafikk, slik at det ikkje oppstår trafikkork. ( tilsvarande det som i dag er plassert rett under varslingsentralen)

Innerbommane må koplast mot brannsentralen, slik at dei automatisk går opp når brannalarmen vert løyst ut.

#### *Miljøstasjonen:*

Dei manuelle listene som i dag er i bruk, bør leggst over på Excel, slik at det er enkelt å summere mengder på lager til ei kvar tid, og kvar FA er plassert.

#### *Tekniske utfordringar:*

Ved avsluttinga av brannøvinga, opplevde vi at det ikkje var beint fram å nullstille varslingsanlegget. Der låg att feilmelding som vi må kalle inn service personell for å ordne, og dørene let seg ikkje låse. Eit eller anna parameter null stilte seg, slik at alle dører var opne gjennom natta.

#### *Generelt:*

Renovasjonsbilane bør parkerast ved dagens slutt med avstand til brannobjekta / bygga.

Hjelmane til leiarane bør ha innebygt lys, då det var vanskeleg å finne fram i hallen / kjellar når straumen var utkopla.

Petter Bjørdal

## **Samarbeidsavtale om innkjøp**

Parter: VØR, SSR, ÅRIM, Bingsa og RIR.

Dato for dette dokumentet: 12. mars 2021.

Avtalen er gjeldende fra 1. mai 2021.

### **Formål**

Kompleksiteten med drift av renovasjonsselskap er i stadig utvikling. Dette fordrer i større grad mer kompetanse og ressursbruk relatert til innkjøp og kontraktinngåelse. Ved et forpliktende samarbeid på alt innkjøp, vil en søke å oppnå synergier både faglig og økonomisk. Erfaring viser at det kan være betydelige gevinster og besparelse å oppnå når volum og omfang på innkjøpet er større. Som regional part vil man ved et slikt samarbeid langt på vei kunne eliminere problemstillingen med nærstående eller andre relasjonelle bindinger mellom avtalepartene. Endelig vil et forpliktende samarbeid kunne bidra til mer relasjonsbygging mellom ansatte i selskapene på alle nivå. Personlig og systemisk kompetanse hos det enkelte selskap kan på den måten bidra til felles nytte og verdiskaping. Det er vesentlig med tanke på de tekniske og økonomiske utfordringene selskapene i fremtiden vil stå overfor, samt myndighetskrav og forventninger til kvalitet og materialgjenninningsgrad.

### **Avtale**

Hovedregel: Selskapene forplikter seg, uavhengig av beløpsstørrelse, til å bekjentgjøre overfor avtalepartene alle innkjøp som man antar kan ha en interesse, verdi eller besparelse å kunne samarbeide med de andre om.

Denne avtalen aktiveres alltid ved enkeltordrer med nedre beløp på kr. 200 000, eller at innkjøpet hos samme leverandør i løpet av et år overstiger samme sum.

Partene er enig i at det er en fordel, og derfor et mål at alle selskapene er part i hver avtale. Likevel er ikke denne avtalen til hinder for at ikke samtlige er deltakere.

Eksempel på sentrale og særlig aktuelle innkjøpsavtaler er: IKT, fagsystemer, kontorrekvisita og andre forbruksvarer, arbeidsklær og annen personlig bekledning og verneutstyr, kjøretøy og maskiner, drivstoff og andre gjennomgående forbruksvarer til maskiner og kjøretøy, avfallsdunker, containere, avfallsposer mm.

### **Bekjentgjøring**

Informasjon om mulig felles innkjøpsamarbeid bekjentgjøres på e-post mellom daglig ledere i selskapene. Henvendelsen må være besvart innen sju dager etter mottatt bekjentgjøring. Deretter iverksettes den formelle prosessen med behovsanalyse, kravspesifikasjon osv., enten på ledernivå eller av andre i organisasjonen.

### **Dokument**

Avtalen formaliseres mellom partene og aktuell leverandør. Avtalen bør ha en varighet på inntil tre år.



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Til

Avdeling dokumentasjon og service for vidare arbeid

Inger-Johanne Johnsen

Vår referanse  
20/739 21/6674

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
26.03.2021

**Godtgjersle for Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap**

Kommunestyret har i møte 24.03.2021, sak 27/21, fatta følgjande vedtak:

- Volda kommune sine medlemmar i representantskap som er oppnemnd av kommunestyret, får ei godtgjersle pr møte tilsvarande det eit kommunestyremedlem får pr møte: p.t. kr 1166.
- Dersom ein av Volda kommune sine medlemmer i representantskapet, blir valt som leiar, får ho/han leiargodtgjersle tilsvarande det leiar for tenesteutval får pr år, p.t. kr. 19.760, i tillegg til møtegodtgjersle.
- Tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i samband med møta vil bli dekt av Volda kommune.

Med helsing

Sonja Håvik  
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar  
Inger-Johanne Johnsen



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/21	Formannskapet	19.01.2021
27/21	Kommunestyret	24.03.2021
44/21	Formannskapet	23.03.2021

### Godtgjersle for Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap

#### Samandrag:

Dekking av eigarrepresentantane sine utgifter knytt til møtegodtgjersle og reiseutgifter til møte har fram til no vore fastsett av dei ulike representantskapa. Revisor anbefalar at kommunen finn ei ordning der kommunen sine eigarrepresentantar får godtgjering fastsett og utbetalt av kommunen.

#### Kommunestyret 24.03.2021:

#### Behandling:

Røysting (31 røysteføre):

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### KST- 27/21 Vedtak:

- Volda kommune sine medlemmar i representantskap som er oppnemnd av kommunestyret, får ei godtgjersle pr møte tilsvarande det eit kommunestyremedlem får pr møte: p.t. kr 1166.
- Dersom ein av Volda kommune sine medlemmer i representantskapet, blir valt som leiar, får ho/han leiargodtgjersle tilsvarande det leiar for tenesteutval får pr år, p.t. kr. 19.760, i tillegg til møtegodtgjersle.
- Tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i samband med møta vil bli dekt av Volda kommune.

## **Formannskapet 23.03.2021:**

### **Behandling:**

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

### **FSK- 44/21 Vedtak:**

- Volda kommune sine medlemmar i representantskap som er oppnemnd av kommunestyret, får ei godtgjersle pr møte tilsvarande det eit kommunestyremedlem får pr møte: p.t. kr 1166.
- Dersom ein av Volda kommune sine medlemmer i representantskapet, blir valt som leiar, får ho/han leiargodtgjersle tilsvarande det leiar for tenesteutval får pr år, p.t. kr. 19.760, i tillegg til møtegodtgjersle.
- Tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i samband med møta vil bli dekt av Volda kommune.

## **Formannskapet 19.01.2021:**

### **Behandling:**

Utsetjingsforslag, foreslått av Sølvi Dimmen, Senterpartiet:

Saka vert utsett for å drøfte saka med Ørsta og kome fram til ei felles tilråding om godtgjering.

Ordføraren fremja utsetjingsframlegg.

Røysting (9 røysteføre)

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **FSK- 04/21 Vedtak:**

Saka vert utsett for å drøfte saka med Ørsta og kome fram til ei felles tilråding om godtgjering.

- **Kommunedirektøren si tilråding:**  
Volda kommune sine medlemmar i representantskap som er oppnemnd av kommunestyret, får ei godtgjersle pr møte tilsvarande det eit kommunestyremedlem får pr møte: p.t. kr 1166.
- Dersom ein av Volda kommune sine medlemmer i representantskapet, blir valt som leiar, får ho/han leiargodtgjersle tilsvarande det leiar for tenesteutval får pr år, p.t. kr. 19.760, i tillegg til møtegodtgjersle.
- Tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i samband med møta vil bli dekt av Volda kommune.



**Vedlegg:**

Godtgjersle for Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap  
Utklipp frå forskjellige dokument  
Notat, godtgjørelse til medl. i rep.skap IKS  
Satsar for godtgjersle i representantskapet til Volda og Ørsta reinhaldsverk fram til 2020  
Ørsta kommune: Formannskapet si innstilling til kommunestyret i sak om eigarrepresentantar i interkommunale selskap

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet i Volda påpeiker i sin rapport datert 18.09.2019 at det ikkje har vore nokon diskusjon i kommunestyret om godtgjersle av styreverv og verv i representantskap/ generalforsamling. Revisor skriv i si vurdering:

*«Eigarrepresentantane opptrer på vegner av kommunen, og etter vår vurdering ville det vera rimeleg at kommunen sine eigarrepresentantar får godtgjering fastsett og utbetalt frå kommunen og ikkje frå selskapet.*

Kommuneloven seier at reglane om godtgjersle skal fastsettes av kommunestyret sjølv. Dette omfattar både arbeidsgodtgjersle og dekking av utgifter og økonomisk tap, jf. kommuneloven kap 8.

Av kommuneloven §§ 8-3 m.fl fremgår det at kommunestyret sjølv som skal gje forskrift om godtgjering. Dette betyr at fastsetjing av godtgjersla ikkje kan delegerast til andre organ, t.d. eit interkommunalt selskap som kommunen er deltakar i.

For Volda kommune gjeld dette p.t. to selskap: representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk der Volda kommunestyre har valgt 4 medlemmar, og representantskapet i Vest kontroll (IKS revisjon) der Volda har to representantar. Til representantskapen i Vest kontroll, har det vore vanleg at Volda kommunestyre vel ordførar og kommunedirektør, men varaordførar og ass.kommunedirektør som vararepresentant. Det er derfor ikkje aktuelt med utbetaling av møtegodtgjersle til dette representantskapet jf. Lokal forskrift om godtgjering til folkevalde i Volda kommune.

Når det gjeld fastsetting av godtgjersle, så kan ein velje mellom å gje godtgjersle pr møte eller å gje ei fast årleg godtgjersle. Godtgjersla for å vere Volda kommune sin eigarrepresentant i interkommunale selskap bør ligge på nokonlunde same nivå som godtgjersla Volda kommune har sett for andre verv. Det er berre leiarane i hovedutvala som har fast godtgjersle i tillegg til møtegodtgjersle.

I Volda får eit medlem i kommunestyre pt. utbetalt kr 1186 pr møte ho/han deltek i, medan leiar for tenesteutvala p.t. får utbetalt kr. 19.760 pr år, I tillegg til møtegodtgjersle. Dette er i samsvar med dei satsane administrasjonen i Ørsta kommune kjem med framlegg om i si sak.

Dei andre kommunane på Søre Sunnmøre har ikkje gjort vedtak om kva

godtgjersle deira eigarrepresentantar i interkommunale selskap skal ha.

Saka har tidlegare vore til handsaming i formannskapet, jf FSK sak 210/20, der det blei vedtatt at forslag til endring i lokal forskrift om godtgjøring til folkevalde i Volda kommune skulle leggest ut på høyring fram til 30. november. Det har ikkje kome inn høyringssvar.

Etter vedtak i kommunestyret, vil [lokal forskrift om godtgjøring til folkevalde i Volda kommune](#) bli endra til også å innehalde bestemmelser om godtgjersle for Volda kommune sine medlemmar til representantskapet, i samsvar med vedtak.

### **Vurdering og konklusjon:**

Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap får møtegodtgjersle tilsvarande eit kommunestyremedlem, og leiargodtgjersle I samsvar med leiar for eit tenesteutval, i tillegg til evt tappt arbeidsforteneste og reisegodtgjersle.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen

Konsekvensar for folkehelsa: ingen

Miljøkonsekvensar: ingen

Økonomiske konsekvensar: Dersom kommunedirektøren sitt forslag til godtgjering blir vedtatt, vil det gje ei auke i utgifter for ansvar 10401/Politisk

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Avdeling dokumentasjon og service for vidare arbeid

Rune Sjurgard  
kommunedirektør